

ÅRSMELDING 2023 FOR VINNES BYGDEUTVAL

Saker VBU har arbeida med Våren 2023:

- Bokbytedagar i Nesjaheimen. Vellukka arrangement, men dessverre ikkje så stort oppmøte som ein hadde håpa på. Ein bestemte å ikkje fortsetje denne aktiviteten no.
- Aktivitetskalender: VBU har tatt ansvar for å finne treffpunkt for alle organisasjonar og lag i bygda. Målet er å utarbeide ein aktivitetskalender som kan henge til oppslag ved Nesjaheimen, samt publiserast på Vinnesbygda si Facebook-side. Det er og oppretta ei eiga messengergruppe med dei ulike laga, slik at ein kan fylle inn aktivitetar etterkvart som alle laga har noko nytt å melde inn.

Årsmøte vart gjennomført 11.06.2023.

Tre representantar stod på val: Bodil Hansen, Solveig Vindenes og Hans Olav Flølo. Disse tre valte å tre ut av styret.

Gunnar Bolstad, Jostein Djupvik og Susann Koldal stilte til val, og vart valt inn i styret.

Jamfør vedtekter konstituerte nytt styret seg på første møte, i august 2023.

Nytt styre:

Styreleiar: Irene O. godøy (på val)

Styremedlem, kasserar: Ådne Tveit (på val)

Styremedlem, skrivar: Gunnar Bolstad

Styremedlem: Susann Koldal

Styremedlem: Jostein Djupvik

Vara: Solgunn Snilstveit (på val)

Ungdomsrepresentantar: Oliver Bergheim, Elias H. Vindenes.

Saker VBU har arbeida med Hausten 2023:

- Økonomi:
 - pengar på "ballbingekonto": VBU har 68 000 kr på høgrentekonto til å fjerne ballbingen når den tid kjem. Ettersom det er Vinnes friskule som i størst grad nyttar ballbingen i det daglege, er no desse midlane overført til skulen. Det er (forlenga med 20år). skrive ny festeavtale mellom grunneigar, Vinnes friskule og bygdautvalet der alle partar stadfestar "overføringa". Det er no skulen som har hovudansvar for vedlikehald og drift av bingen.
 - midlar overført til Vinnes barnehage.
- Vedtektsendringar: styret har gått grundig gjennom vedtektene, og ser behov for oppdateringar og endringar. Dette vil bli lagt fram som forslag på årsmøtet i 2024.
- Strandryddedag: VBU har markert strandryddeveka med på arrangere strandrydding langs nokre av strendene på Vinnes fredag 15.sept. Ca 15.personar deltok. Vi rydda på Leiro, i Selsvik, ved Vinnes båthamn og i Klubben. Det var gledeleg at det var lite søppel å finna. Likevel er det viktig at VBU fortset å ta initiativ til strandrydding. Sekkar fekk vi gratis på BIR Eikelandssosen. Levering av sekkane var også gratis. Tips til neste gang: leggje ryddinga på ein laurdag eller søndag, slik at også hyttefolk kan delta.

- Aktivitet for ungdommane i bygda. Styret har eit ønske om å få i stand aktivitetar for ungdommane i bygda. Dette er førebels på diskusjonsplan.
- VBU har søkt Fusa kraftlag om midlar til blant anna å drifte ei heimeside. Fekk i desember 2023 tildelt 5000kr.
- Heimeside: styret ønskjer å få heimesida vennesbygda.no operativ. Styreleiar i VBU i samarbeid med leiar for Nesjaheimslaget, arbeider saman med å utarbeida ei ny heimeside. www.vennesbygda.no (denne vart publisert 04.03.2024).

Det er viktig for bygda at vi er presenterte på ein god måte, og at det er enkelt å finna informasjon om bygda. På heimesida finn ein informasjon om Bygdautvalet, alle lag og organisasjonar i bygda, aktivitetskalender for bygda, kva du kan oppleve på Vinnes, kor det er ledige tomtar for sal, ol.

04.04.2024

Irene O. Godøy